



Vår ref.: 2020/71-36

Dato: 03.12.2020

Til: «MOTTAKERNAVN»

Frå: Bente Høyland

Særutskrift - Detaljregulering for Erslandsparken, 241/38 med fleire - Sandvoll  
- PlanID 20200001

Kommunestyret hadde saka føre i møte 26.11.2020 som sak 2020/124.

Vedlagt fylgjer utskrift av møteboka der vi syner til vedtaket.

*Dersom eksterne mottakarar skal ha vedtaket må de vidaresende til dei. Det var ikkje oppført sakspartar i saka.*

# Saksframlegg

Kvinnherad kommune

*Saksmappe*

*Saksbehandlar*

2020/71-35

Anne Lise Næs

<b>Saksgang</b>		
<b>Saksnr</b>	<b>Utval</b>	<b>Møtedato</b>
2020/31	Plan-, teknikk- og miljøutval	17.11.2020
2020/124	Kommunestyret	26.11.2020

## **Godkjenning 2. gangs behandling - Detaljregulering for Erslandsparken, 241/38 m. fl. - Sandvoll - PlanID 20200001**

### **Innstilling frå kommunedirektøren:**

Kvinnherad kommunestyre godkjenner i medhald av plan- og bygningslova § 12-12, forslag til detaljregulering for Erslandsparken 241/38 m. fl. PlanID 20200001.

Plankart er datert 30.09.2020, og føresegner og planskildring er datert 22.10.2020.

Mindre delar av reguleringsplan for trafikksikring Rv. 48 Sandvoll, planID 20060013, vert samstundes oppheva.

### Vilkår:

- Der rulleskiløypa er planlagt felles med offentleg gangveg, må det alternativt etablerast gangveg på 1,5 meter gjennom klatreparken fram til kunstgrasbanen. Fotgengjarar kan deretter skiljast frå skiløparar ved at dei går langs ytterkant på kunstgrasbanen.
- Detaljar kan godkjennast i samband med byggesaka.

Mindre teknisk justeringar av plankartet kan utførast administrativt når planen er endeleg vedtatt. Rettshavarar og naboar skal underrettast i samsvar med reglane, og planen skal kunngjerast i lokalpressa og i kommunen sine elektroniske medium.

Grunnlaget for kommunal eigengodkjenning er til stades.

### **Behandling i Plan-, teknikk- og miljøutval den 17.11.2020**

Kommunedirektør si innstilling vart samråystes vedteken.

### **Innstilling frå Plan-, teknikk- og miljøutval den 17.11.2020**

Kvinnherad kommunestyre godkjenner i medhald av plan- og bygningslova § 12-12, forslag til detaljregulering for Erslandsparken 241/38 m. fl. PlanID 20200001.

## **Behandling i Kommunestyret den 26.11.2020**

Habilitet: Synnøve Solbakken og Gunnar Våge sette fram spørsmål om sin habilitet. Dette på grunn av at dei er medlemmer i Sparebank1 Stiftinga.

Begge vart erklært habile til og behandle saka.

Plan, teknikk og miljøutvalet si innstilling vart samrøystes vedteken.

## **Vedtak frå Kommunestyret den 26.11.2020**

***Kvinnherad kommunestyre godkjenner i medhald av plan- og bygningslova § 12-12, forslag til detaljregulering for Erslandsparken 241/38 m. fl. PlanID 20200001.***

### **Saksutgreiing:**

**PlanID:** 20200001

**Forslagsstillar:** Kvinnherad kommune, Prosjektavdelinga

#### **Historikk:**

28.11.2019: Kommunestyrevedtak om midlar til detaljregulering

12.12.2019: Det vart halde oppstartsmøte

15.01. - 14.02.2020: Varselbrev og kunngjering av planarbeid

23.01.2020: Informasjonsmøte om planarbeidet

14.02.2020: Frist for innspel til planarbeidet

09.06.2020: 1. gangs behandling og offentleg ettersyn

07.09.2020: Høyringsfrist 1. gangs behandling og offentleg ettersyn

### **Formål og bakgrunn**

Føremålet med planforslaget er å leggja til rette for etablering av nærmiljøanlegg med klatrepark, kunstgrasbane, rulleskiløype, og med tilhøyrande infrastruktur ved Skarveland skule.

Kvinnherad kommunestyre vedtok 28.11.2019 å setje av midlar til reguleringsplan for Erslandsparken. IL Ternen planlegg ny kunstgrasbane, lyssett rulleskiløype og klatrepark, og er såleis eit offentleg – privat samarbeid.

Mindre delar av gjeldande reguleringsplan for trafikksikring Rv. 48 Sandvoll, planID 20060013, skal samstundes opphevast. Dette fordi ein vil rydde opp i parkering- og trafikksituasjonen ved Skarveland skule.

### **Avgrensingar**

Planområdet er lokalisert kring og ved Skarveland skule på Sandvoll, sjå kartutsnitt under.



Planområdet omfattar både kommunale og privateigde eigedommar, og er på 17,9 dekar.

Meir opplysningar om planområdet finn ein under punkt 7 i planskildringa.

### **Om planforslaget**

I forslag til detaljregulering så legg ein til rette for utviding av skuleområdet, etablering av kunstgrasbane, rulleskiløype og klatreområde for barn og unge. Sjå utsnitt av plankart under.

Planforslaget kan ein lese meir om under punkt 8 i planskildringa.

Planen sikrar tryggare trafikkforhold for trafikantar, og gjev ei tryggare løysing for mjuke trafikantar.


Planforslaget er i stor grad i samsvar med kommuneplanen, og det skal etablerast belysning rundt heile lengda av rulleskiløypa.

Det er i forslaget lagt til rette for at det kan etablerast ein grusveg på 0,5 meter for dei som ynskjer å gå langs løypa.

Det skal etablerast mur/støttemur som tydelig skilje mellom kunstgrasoverflata og anna terrenget heile banen, og det skal monterast gjerde oppå muren.

Frå ny busshaldeplass vert det etablert gangareal for mjuke trafikantar.

Det er stilt krav i føresegnene om at det må gjerast målingar for å sjå om støyskjermingstiltak må etablerast.



Planarbeidet er vurdert til ikkje å utløyse krav om separat konsekvensutgreiing. Verknadane av planframleggget er likevel grundig skildra og vurdert i dokumenta som følgjer planen, og det er utarbeidd risiko- og sårbarheitsanalyse med akseptabel risiko.

Det er no regulert inn område for anlegg og rigg for detaljreguleringa. Området kan nyttast til mellombels anlegg- og riggområde i samband med gjennomføring av tiltaket. Etter ferdig anleggsperiode skal areal ryddast og setjast i stand i samsvar med underliggjande arealføremål.

Tema om kapasitet på overvatn er utgreidd grundigare i eit eige notat, sjå vedlegg.

Mindre tekniske justeringar av plankartet, som formålskodar, arkstorleik m.m. er planlagt utført når endeleg plan er vedtatt.

### **Om medverknad og prosess**

Planarbeidet har i heilskap vore leia av ei prosjektgruppe med representantar frå kommunen, og med Kaia Olsen Tjoflat som prosjektleiar. Kvinnherad kommune si prosjektavdeling er forslagsstiller.

Ternen IL er likevel initiativtakar til tiltaket, og Ternen IL og kommunen har intensjonsavtale om privat

kommunalt samarbeid for å realisere rulleskiløype og kunstgrasbane ved og rundt Skarveland skule.

Før anlegget står ferdig skal det lagast ein driftsavtale om drift av anlegget.

Planforslag vart sendt på høyring og offentleg ettersyn i juni 2020, med merknadsfrist 07.09.2020. Ein part fekk forlenga merknadsfrist.

Rettshavarar og naboar skal vidare underrettast om godkjenning av planen i samsvar med reglane. Dette med opplysningar om rett til å klage, og planen skal kunngjera i lokalpressa og i kommunen sine elektroniske medium.

### **Merknadshandtering**

Justeringer som er gjort etter høyringa går fram av vedlagt merknadsskjema. Merknadar slik dei i heilskap ligg føre er elles å finne på kommunen si postliste, sak 2020/71;

<http://82.134.72.200/elnsynKK/RegistryEntry/IndexCaseNumber>

### **Om merknad frå Marie og Knut Hellås:**

Når det gjeld bekymring for gående som må nytte same trase som skiløparane på delar av traseen, så er det planlagt at ein kan etablere grusveg for fotgjengarar på 0,5 meter langs ved skiløypa. Nokre stadar er det likevel trontog og vanskeleg med plass.

Planavdeling vurderer at det, der rulleskiløypa er felles med eksisterande gangveg, bør leggjast til rette for å skilje fotgjengarar og skiløparar slik at det ikkje oppstår trafikkfare. Det bør det difor alternativt etablerast

gangveg på 1,5 meter gjennom klatreparken fram til kunstgrasbanen. Fotgjengarar kan deretter gå langs ytterkant på kunstgrasbanen. Detaljar kan godkjennast i samband med byggesaka.

Elles så er det vurdert at tilkomst til skulen er tilfredsstillande, og det er ikkje tenkt at det skal køyrast inn til skuleplassen. Vidare ynskjer ein ikkje å flytte den trafoen som allereie står der i dag.

Fylling for ski-traseen er ikkje planlagt inn på eigedom 241/20, men det er planlagt å leggja ned dreneringsrør i kombinasjon med filtreringssystem som skal fange opp overvatnet.

Når det gjeld visuell skjerming og støyskjerming, så må ein gjere vurderingar når anlegget faktisk er oppe å gå. Det er lagt inn rekkefølgjekrav som seier at støymålingar skal utførast før ferdigattest kan gjevast, og dersom tiltak mot støy må gjerast, må tiltaka på plass før ferdigattest for anlegget kan gjevast.

Når dert gjeld støy frå kunstgrasbanen, så forventa forslagsstillar at denne gjev mindre støy enn eksisterande grusfotballbane. Det vil difor verte ein betring frå dagens situasjon til planlagt situasjon. Skarveland skule som ligg mellomeigedom 241/20 og den planlagde ballbanen ligg, vil difor verke dempande for mesteparten av støyen frå ballbanen.

#### Om merknad frå NVE:

NVE minner om at det er kommunen som har ansvaret for at det vert tatt tilstrekkeleg omsyn til flaum- og skredfare, vassdrag og energianlegg i planen, og det er utarbeidd eit notat om overvasshandtering. Sjå vedlegg.

Anlegget som skal byggast er planlagt å handtere overvatn og leie dette til aktuelle bekker, og/eller, aktuelle kummer for overvatn. For å avgrense skadar, er det tenkt å etabler løysingar som kan fordrøye og forsinke vatn i planområdet.

Tiltaket vil sannsynlegvis medføre at avrenning for området vil skje på eit kortare tidsrom enn kva tilfellet er i dag. Dette då ein større del av nedbørssfeltet vert lagt rett i røyr, og då ein bekk, etter ynskje frå grunneigar, vert og lagt i røyr. Det er planlagt å handtere overvatnet ved infiltrasjon, og det er foreslått å nytte området nord i planområdet som eit steinmagasin.

#### Om merknad frå Statens vegvesen:

Når det gjeld rekkefølgjekrav for kunstgrasbanen, så har representantar frå kommunen hatt synfaring med Vestland fylkeskommune på staden. Det vart avklart på synfaringa at rekkefølgjekrav om opparbeiding av ny avkjørsle og busslomme ikkje er nødvendig. Skuleelevar frå bussen brukar snarveg bak busstoppet, og dagens løysing er tilstrekkeleg dersom ein opparbeider planlagt ny parkeringsplass med gangsti. Det blir også sett opp bom slik at ein ikkje kan køyra inn på skuleområdet.

Det er ikkje lagt opp til at ein skal parkera langs fv. 548. Bilar skal parkera innanfor planlagt parkeringsplass eller ved Heio byggefeltet. Det er planlagt cirka 14 parkeringsplassar på ny parkeringsplass.

#### Om merknad frå Vestland fylkeskommune:

Merknadar frå fylkeskommunen er i det store og heile teken til følgje.

### **VURDERING**

Det bør, der rulleskiløypa er felles med eksisterande gangveg, leggjast til rette for å skilje fotgjengarar og skiløparar slik at det ikkje oppstår trafikkskader. Det bør det difor etablerast gangveg på 1,5 meter gjennom klatreparken fram til kunstgrasbanen. Fotgjengarar kan deretter gå langs ytterkant på kunstgrasbanen. Med eit slikt vilkåret er det vurdert at planforslaget er godt arbeidd fram, og ein har funne ei god løysing.

Planframlegget er i delvis i tråd med overordna planar og mål. Noko areal til bustadføremål og offentleg eller privat tenesteyting vert regulert til skiløypetrase og nærmiljøanlegg. Dette vil truleg ha liten konsekvens. Der rulleskiløype- eller anna veggrunnføremål går inn på private eigedommar, har kommunen intensjon om å dela frå og kjøpe ut naudsynt areal.

Det er planlagt å flytte parkeringa frå austre del til vestre del av innkjørsla, og intern veg vert endra. Dette er forventa å betre trafikksituasjonen.

## **Økonomisk konsekvens:**

Kvinnherad kommunestyre sette 28.11.2019 av midlar til å lage ny reguleringsplan for Erslandsparken.

Der rulleskiløype- eller anna veggrunn går inn på private eigedommar, vil kommunen at nødvendig areal overførast til kommunen snarast råd. Kommunen må då kompensere økonomisk for dette arealet.

Når ein legg om avkøyrsla og parkeringa, skal ein leggja infrastruktur og veg fram til tomtegrensa for eigedom 241/68. Dette må kommunen ta kostnadane med.

## **Miljøkonsekvens:**

I plandokumenta vert det gjort greie for topografi, landskap og estetikk, kulturminne og kulturmiljø, naturverdiar og landbruk, rekreasjon og uteområde, universell utforming, folkehelse, barn- og unges interesse, påverknad på naturmangfold, samt konsekvensane av planframlegget.

Ut frå vurdering etter § 8-12 naturmangfaldslova er det ikkje funne at planforslaget vil ha vesentleg verknad for naturmangfaldet i området. Det er heller ikkje registrerte kulturminne, kulturmiljø eller kulturlandskap innanfor planområdet, og tiltaka skal plassert mest mogleg skånsamt i terrenget for å redusere silhuettverknadar og liknande.

Når det gjeld folkehelse så vil det leggjast til rette for fleire ulike aktivitetar, og dette vil bidra til positiv sosial omgang som fremjar mental helse og vil kunne hindra einsemd. Planlagde opparbeidinger vil bidra til at menneske kjem seg ut på tur, nyttar naturområda i nærleiken til leik, trening, aktivitetar og rekreasjon.

Det kan verta naudsynt med støyskjermingstiltak frå fylkesveg 548 og frå rulleskiløypa. Det er sett rekkefølgjekrav om at støymålingar skal utførast før ferdigattest kan gjevest, og dersom tiltak mot støy må gjerast, så må tiltaka på plass før ferdigattest kan gjevest.

## **Vedlegg:**

- 1 Plankart Erslandsparken 30.09.20
- 2 Føreseger Erslandsparken - 22.10.2020\_tek.just\_aln
- 3 Planskildring Erslandsparken 22.10.2020, tek.just aln
- 4 Erslandsparken leidningsplan
- 5 Overvatn Erslandsparken
- 6 Illustrasjonsplan, anbodsteikning
- 7 10014-A-200 Erslandsparken Plan og profil
- 8 Merknadsskjema for Erslandsparken

